



## Strategiplan

2022-2025



Foto: Jørgen Aamodt Caspersen

**Innholdsliste:**

Innleiing.....	3
Kopling mellom ulike planar .....	4
Ståstad 2022.....	5
Auke i student- og elevtalet.....	5
Fagkompetanse .....	5
Utvikling av studietilbod.....	5
Kursportefølje.....	6
Utviklingsprosjekt.....	6
Vår visjon.....	7
Verdigrunnlaget vårt.....	7
Overordna satsing: Kvalitetsutvikling og vekst.....	8
Kvalitetsutvikling.....	8
Samarbeid med fagmiljø .....	8
Vekst i tråd med behovet til yrkesfelta.....	9
Iddsatsområde .....	11
Kompetanseutvikling.....	11
Internasjonal utvikling.....	12
Digital utvikling .....	13
Samarbeid.....	13

## Innleiing

Noregs grøne fagskole – Vea er ein statleg eigd fagskule med plassering i Moelv, Ringsaker kommune. Skulen vart etablert i 1923 og tilbaud vidaregåande opplæring fram til Vea vart fagskule i 2007. I 2012 vart Vea fagområdeakkreditert for fagområdet Grøne design- og miljøfag.

Vea er direkte underlagt Kunnskapsdepartementet, og gjennom årleg tildelingsbrev med mål, styringsparametrar og finansiering, blir det gitt stabilitet for drift av eksisterande portefølje og skuleanlegget. Veas vekst og utvikling dei siste åra utfordrar no kapasiteten. Det er derfor avgjerande med framleis god styringsdialog mellom skuleeigar og fagskulestyret i åra framover, der desse utfordringane tydeleg blir kommuniserte.


Kunnskapsdepartementet la sommaren 2021 fram strategien for høgare yrkesfagleg utdanning: «*Vidare vekst og utvikling*». Vea sine pågåande utviklingsprosjekt harmonerer godt med retninga og prioriteringane i fagskulestrategien for fagskulesektoren.

Veas strategiplan blir utforma med bakgrunn i mål gitt av skuleeigar og gjeld for perioden 2022-2025. Strategien skal takast opp til behandling og eventuell justering i samband med det årlege strategiseminaret til fagskulen gjennom strategiperioden.

Med utgangspunkt i Strategiplanen og underliggjande planar til denne, utarbeiddes Veas verksemdsplan for kvart enkelt år av strategiperioden.

## Kopling mellom ulike planar

Nedanfor er det utarbeidd ein enkel modell som synleggjer koplinga mellom føringar gitt av skuleeigar, fagskulestyret, strategisk plan og anna planverk som skal underbyggja strategien.



## Ståstad 2022

Vea er fagområdeakkrediterte for fagområdet «Grøne design- og miljøfag» og tilbyr høgare yrkesfagleg utdanning, utdanning for vaksne innan blomsterdekoratør- og gartnerfag, og dessutan korte kurs innanfor Veas fagområde. Vea tilbyr også fleire høgare yrkesfaglege utdanninger som ikkje inngår i det akkrediterte fagområdet. For Vea er det ei målsetjing å tilby høg kvalitet og sikra vidareutvikling av heile porteføljen.

Alle Veas studiar blir tilbodne som nettbasert undervisning med samlingar. Dei fleste studentane kjem til Vea, men nokre enkelte tilbod blir gjennomførte desentralisert.

### Auke i student- og elevtalet

Dei siste åra har Vea hatt ein solid auke i student- og elevtalet. Hausten 2018 starta 155 personar utdanninga si på Vea, medan hausten 2021 starta totalt 280 studentar/elevar. Ved utgangen av 2021 har Vea til saman 19 godkjende fagskulestudiar og 2 utdanningstilbod for vaksne på vidaregåande nivå. I tillegg har Vea ein mangfaldig og etterspurd kursportefølje med stort potensial for vidareutvikling tilpassa konkrete oppdragsgivarar. Skulen tek inn studentar, elevar og kursdeltakrarar frå heile Noreg og har enkelte år også studentar frå andre land.

### Fagkompetanse

Kontinuerlig utvikling av Veas totalkompetanse er avgjerande for å levera med høg kvalitet i utdanning og kurs. Veas interne fagkompetanse er godt tilpassa det akkrediterte fagområdet til skulen. Dei siste åra har ei satsing på nettpedagogisk kompetanseutvikling bidrige til at totalkompetansen har auka og skulen har gode føresetnader for å kunna levera med høg kvalitet både i stedbaser- og nettbasert undervisning.

Samtidig er det ein viss risiko knytte til dagens kompetansebilete. For lite overlappende fagkompetanse på enkelte viktige område kan hemma kompetanseutviklinga innan desse områda og gjera Vea sårbar. Dette kan skapa utfordringar for kapasiteten på undervisningskompetanse og gjera det krevjande å dedikera nok tid til å involvera enkelte faglærarar i viktige utviklingsarbeid.

### Utvikling av studietilbod

Vea jobbar kontinuerleg for å vidareutvikla eksisterande studium i samhandling med ulike yrkesfelt. Dette er ein viktig føresetnad for å kunna gi studentane

den kompetansen som blir etterspurd. Kvalitetsrapportane dei siste åra viser at Vea lykkast med å tilby yrkesrelevant utdanning og kurs med høg kvalitet.

### Kursportefølje

Ei viktig satsing for Vea er å komma yrkesfeltas behov for korte kurs i møte og me jobbar for å vidareutvikla kursporteføljen. Korte kurs bidreg både til kompetanseheving, utviklar samhandling med yrkesfelta og gir viktige inntekter som bidreg til at me når det årlege inntektskravet frå skuleeigar.

### Utviklingsprosjekt

Utviklingsprosjekter, både nasjonale og internasjonalt, er også ein viktig del av Veas ståstad i 2022. Tilsegn om utviklingsmidlar har resultert i fleire gjennomførte og pågåande prosjekt dei to siste åra knytt til digitale tiltak som skal heva kvaliteten i høgare yrkesfagleg utdanning. Dei pågående prosjekta tek sikte på å heva den digitale kompetansen, forbetra infrastrukturen og dessutan utvikla og ta i bruk nye digitale verktøy.

I sum skal desse prosjekta bidra til å gi yrkesfelta tidsriktig kompetanse. I tillegg blir internasjonalt arbeid prioritert i form av deltaking i prosjekt og søknadsskriving. I inngangen på 2022 deltek Vea i tre internasjonale prosjekt. Det er også sendt ein KA2 Centres of Vocational Excellence-søknad med forventa svar i mars 2022. Vea er også akkrediterte for å kunna gjennomføra mobilitetsopphald for fagskulestudentar og tilsette fram til 2027 (Erasmus+ KA1 Akkreditering) og søker annakvart år midlar for å kunna tilby studentar, elevar og tilsette individuelle mobiltetopphald.

Ved utgangen av 2022 er Vea i god utvikling, har god måloppnåing og jobbar målretta med fleire spennande utviklingsprosjekt, både nasjonalt og internasjonalt. Samtidig opplever me enkelte kapasitetsutfordringar knytt til alle moglegheitene utviklingsprosjekta og utviklingsmidlar gir, noko som krev høg merksemd i kommande strategiperiode

## Vår visjon

Vea skal bli Europas mest ettertrakta fagskule innan Grønne design- og miljøfag

## Verdigrunnlaget vårt

Noregs grøne fagskole – Vea skal vera ein organisasjon bygd på tillit og fagleg stoltheit, med eit student- og arbeidsmiljø som blir prega av, kvalitet, trivsel og gjensidig respekt.

Menneska er Veas fremste ressurs og me skal vera ein organisasjon der tilsette, elevar, studentar og kursdeltakarar kan ta ut potensialet sitt i eit stimulerande og trygt arbeids- og læringsmiljø.

## Overordna satsing: Kvalitetsutvikling og vekst

Strategien tek utgangspunkt i Veas nå-situasjon og skal bidra til å utvikla og styrke porteføljen til skulen og den øvrige verksemd i framtida, til beste for studentane våre, elevar og kursdeltakarar. I vidare utvikling og vekst skal me i tillegg ta vare på det genuine og unike ved Vea som utdanningsinstitusjon gjennom mellom anna å halda oss innanfor dei grøne fagfelta i størst mogleg grad.

Vea skal halda fram med å tilby framtidsretta og relevant kompetanse med høg kvalitet til yrkesfelta våre, auka studenttalet og vidareutvikla kompetansen på Vea, i tråd med måla gitt av skuleeigar.

For Vea er det sjølvsagt å vareta berekraftsperspektivet i heile drifta. Vea skal vera ein skule der miljø- og berekraftsarbeidet er ein integrert del av utdanningstilboda våre, kurs, den daglege drifta og i utviklingsprosjekta.

### Kvalitetsutvikling

Vea skal ha kvalitet i alle ledd, og jobba systematisk med vidare kvalitetsutvikling av porteføljen. Dette skal gjerast både gjennom det daglege arbeidet på Vea og gjennom ei målretta satsing på utviklingsarbeid som direkte bidreg til kvalitetsutvikling av Veas portefølje. Framover blir det derfor sentralt å føra vidare og forsterka viktigeita av utviklingsarbeid innanfor det digitale- og internasjonale arbeidsområdet. Samtidig må me også vera opne for eventuelle nye moglegheiter som oppstår og som underbyggjer den overordna strategiske satsinga. Heilskaplege vurderingar må her liggja til grunn før det blir avgjort kva som skal prioriterast.

Målet med all kvalitetsutvikling er at dette skal komma elevar, studentar og kursdeltakarar til gode. Samtidig skal dette arbeidet skapa motivasjon og engasjement, gi viktige synergiar og idear i organisasjonen og utvida kontaktfleta/nettverket til kvar enkelt. Vidare kvalitetsutvikling skal også posisjonera Vea og førebu oss på å kunna søkja institusjonsakkreditering og/eller søkja om å bli eit senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning i framtida.

### Samarbeid med fagmiljø

Samarbeid med yrkesfelta er avgjerande både for vidareutvikling og nyetablering av innhaldet i Veas portefølje. Dei dyktigaste ressurspersonane i yrkesfelta har relevant spisskompetanse og er viktige bidragsytarar inn i undervisning og prosjektarbeid.

Vea skal jobba målretta for å vidareutvikla både dette samarbeidet og samarbeid med andre aktuelle aktørar innanfor skule og næringsliv lokalt, nasjonalt og internasjonalt. I strategiperioden blir det viktig å kartleggja fagmiljøa, systematisera samarbeidet samtidig som me søker mot innovative fagmiljø.

### **Vekst i tråd med behovet til yrkesfelta**

Vea skal jobba for vidare vekst i strategiperioden. Vekst i denne samanhengen omhandlar mellom anna å auka talet på elevar, studentar og kursdeltakrarar på Vea. Sjølv om elev- og studenttalet har auka dei siste åra, er det viktig å få eit stabilt høgt tal elevar, studentar og kursdeltakrarar på Vea, også i framtida. I samband med dette er det avgjerande at Vea også i fortsetjinga prioriterer ressursar og innsats til informasjons- og marknadsarbeidet.

Det er eit grunnlag for studenttalvekst, men me må sjå auke i elev- og studenttal opp mot kapasiteten til skulen, kompetanse, organisering, ressursbehov og rammevilkår til kvar tid. For Vea er det viktig å ha kapasitet til å komma yrkesfelta i å møte behov som oppstår på relativt kort tid og kunne tilpassa eller endra raskt. Fagskulestyret vil jobba strategisk for å vareta og auka/utvida Veas kapasitet for framtida.

Vea skal jobba for å auka studenttalet gjennom å rekruttera til større klassar på dei høgare yrkesfaglege utdanningane våre der me har kapasitet. I tillegg ønskjer me å komma våre yrkesfelt i møte når behov for nye studiar dialogiseres.

I kommande strategiperiode skal det jobbast målretta på utvikling av fleire korte kurs som yrkesfelta etterspør. Utvikling av kursporteføljen vil vera eit svært viktig bidrag i Veas vidare vekst. Kursporteføljen skal sjåast i samanheng med fagskuleporteføljen, og til saman skal desse utgjera ein heilskapleg, relevant og etterspurd portefølje.

### **Hovudfokus innan fagområdeakkreditering**

I strategiperioden skal Vea ha hovudfokus på potensialet innanfor det akkrediterte fagområde i vidare utvikling av porteføljen. Samtidig skal fagskulestyret fortløpende vurdera behovet for anten utviding av akkreditert fagområde og/eller behov for å søkja NOKUT om ei ytterlegare fagområdeakkreditering.

### **Utvikling av Vea som studiestad**

Vea blir 100 år i 2023, noko som sjølv sagt skal markerast. I tillegg til å vareta skulens historie, må uteområde og bygningsmasse blir utvikla, slik at me står

fram som ein dagsaktuell og framtidsretta skule, med fasilitetar både inne og ute som inspirerer alle og bidreg til god læring.

### I strategiperioden skal Vea:

- gi framifrå utdanning gjennom å føra vidare og forsterka porteføljen, gå i djupna og bli endå betre på det me er gode på
- alltid ha høg merksemd på og velja berekraftige alternativ i gjennomføring av kjerneverksemd, prosjekt/utviklingsarbeid og den daglege drifta av Vea
- arbeide innovativt i nasjonale- og internasjonale prosjekt for å sikra kvalitetsutvikling av porteføljen vår
- arbeide systematisk med analyse av marknad og trendar som grunnlag for å planleggja god marknadsaktivitet som aukar talet som tek kompetanseheving i Vea-regi
- setja i gang dialog med skuleeigar der målet er å sikra Veas kapasitet for vidare vekst
- greia ut moglegheita for å søkja institusjonsakkreditering og/eller å bli senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning, i framtida
- utarbeida ein samarbeidsstrategi som varetek alt samarbeid som bidreg til kvalitetsutvikling og vekst
- setja i gang eit eigedomsutviklingsprosjekt som varetek målet om at Vea skal stå fram som ein aktuell og framtidsretta utdanningsinstitusjon med oppdatert bygningsmasse og utandørs øvingsarena tilpassa portefølje
- sikra at det er tydelege koplingar mellom Veas strategiar og Veas kvalitetsarbeid
- utarbeida ein plan for utviklingsarbeid som både varetek satsingane i strategien og tek omsyn til Veas kapasitet og rammefaktorar

## Innsatsområde

Vea har valt fire innsatsområde som skal byggja opp under den overordna satsinga vår. Valet er basert på fagskulestrategien nemnt innleiingsvis og dei områda me av erfaring ser blir viktige for Vea framover. Desse områda er kompetanseutvikling, internasjonalt arbeid, digital teknologi og samarbeid.

### Kompetanseutvikling

Vidareutvikling av Veas totale kompetanse er avgjerande for å byggja opp under den overordna satsinga på kvalitetsutvikling og vekst. Kompetanse er også ein nøkkel for at Vea skal bli ein endå meir interessant samarbeidspartner for ulike aktørar nasjonalt og internasjonalt i framtida, og med det styrkja Vea sin posisjon.

Vea skal sørge for å ha tilstrekkeleg breidd og djupn i den interne fagkompetansen, oppdatert nettpedagogisk- og digital kompetanse og internasjonal kompetanse.

Vea skal også nytta oppdatert yrkeskompetanse og spisskompetanse frå yrkesfelta, og føra vidare arbeidet med å setja denne delen av samarbeidet med yrkesfelta i system og med det oppnå auka langtidsperspektiv og utvikla eit større fagmiljø rundt porteføljen.

#### I strategiperioden skal Vea:

- vidareutvikle kompetansestrategien slik at me er førebudde på og varetak framtidige kompetansebehov på Vea. Dette inneber strategiar både for intern kompetanseheving og samarbeid med yrkesfelta, slik at Vea til kvar tid tilbyr utdanninger og kurs med høg kvalitet. Strategien må også vareta at Vea har tilgjengeleg og eigna kompetanse til utvikling, vekst og innovasjon.
- leggja til rette for at tilsette kan jobba tverrfagleg og delta aktivt i nasjonale og internasjonale utviklingsprosjekt som bidreg til kompetanse- og kvalitetsutvikling.
- gjennom aktiviteten sin utvikla og formidle kunnskap til relevante aktørar i yrkesfelta, medverka til auka bruk av teknologi i undervisninga og etablera god kontakt med andre kunnskapsaktørar.
- som eit ledd i å rekruttera ny kompetanse, utarbeida ein eigen strategi for å synleggjera Vea som ein attraktiv arbeidsplass

## **Internasjonal utvikling**

Vea har opparbeidd seg viktig internasjonale erfaring, og denne skal vidareutviklast og brukast for å styrkja kvaliteten i kjerneverksemda vår. Prosjektarbeid, mobilitet og anna deltaking i internasjonalt samarbeid skal ha ei tydeleg kopling til eit eller fleire av fagfelta i porteføljen vår. Vea er ein liten skule, som opplever å vera ein attraktiv samarbeidspartnar i internasjonalt arbeid og må derfor i strategiperioden gjera grundige vurderingar av kva for nokre, og kor mange, prosjekt Vea anten står som søkerinstitusjon for eller går inn i som prosjektpartnar.

### **I strategiperioden skal Vea:**

- gjennom grundige prosessar, vedta kva for nokre internasjonale prosjekt Vea ønskjer å sökja om og/eller delta i
- til kvar tid delta i eitt eller fleire internasjonale utviklingsprosjekt som er kopla direkte til fagfelta i porteføljen vår
- arbeid systematisk for å etablera mobilitetspartnarar på NKR-nivå 5, slik at klassar og enkeltstudentar kan oppleva høg kvalitet på mobilitetsopphold
- vidareutvikla informasjon og nettsida, slik at dette blir gjort meir tilgjengeleg for internasjonale samarbeidspartnarar og den internasjonale marknaden.
- arbeide aktivt for å promotera internasjonale aktivitetar og dela prosjektresultat med fagfelta og andre utdanningsaktørar i inn- og utland.



Foto: Dorte Finstad

## Digital utvikling

Vea har ein ambisjon om å liggja i forkant av den teknologiske utviklinga i yrkesfelta, slik at Vea utdanner yrkesutøvarar med tidsriktig og framtidsretta kompetanse. Vea skal, i samarbeid med yrkesfelta, halda arbeidet fram med å utvikla og ta i bruk ny teknologi som er relevant for desse. Då er Vea avhengige av å vidareutvikla den digitale kompetansen internt samtidig som Vea engasjerer seg på ulike arenaer der utvikling og innovasjon i dette fagfeltet går føre seg.

Vea skal også jobba for å få på plass administrative system som bidreg til god og effektiv administrasjon av studentar, elevar og kursdeltakarar, og må ha ein infrastruktur og digitale verktøy som gjer at alle tilsette kan utføra ein jobb med god kvalitet.

### I strategiperioden skal Vea:

- revidera digital utviklingsplan med utgangspunkt i nå-situasjonen og moglege framtidsscenario for utvikling innanfor dette arbeidsområdet
- skal Vea gjennom grundige prosessar, vedta kva prosjekt Vea skal søkja om eksterne midlar til å gjennomføra
- prioritera arbeidet med å få på plass IKT-løysingar som effektiviserer det administrative arbeidet og dersom det er nødvendig vera pådrivar for utvikling av eigna system
- greia ut behovet for innkjøp av MOOC-plattform som eit ledd i å vidareutvikla fleksibilitet og auka effektiviseringa i gjennomføringa av nettstudium og kurs, og dessutan auka talet på deltakarar utan at det går utover kvaliteten

## Samarbeid

Vea skal jobba systematisk og målretta med ulike samarbeidspartnalar for å underbyggja kvalitetsutvikling og vekst. Som tilbydar av høgare yrkesfagleg utdanning er yrkesfelta avgjerande for ny utvikling og vidareutvikling av porteføljen. Vea skal halda fram arbeidet for at yrkesfelta tek initiativ og definerer behov, at dei deltek fagleg i utviklingsarbeid, bidreg med fagkompetanse i undervisning og kurs og er avtagere av ny-utdanna yrkesutøvarar.

Vea har som mål å vera den føretrekte samarbeidspartnaren til yrkesfelta innanfor porteføljen vår når det gjeld utvikling og vidareutvikling av utdanningar, korta kurs og prosjekt der kompetanseutvikling, kvalitet og vekst er sentralt.

For Vea er det også viktig å prioritera konkret fagleg samarbeid med universitet og høgskular.

Dette handlar mellom anna om samarbeid for å få til overgangsordningar og samhandling i ulike utviklingsprosjekt både nasjonalt og internasjonalt.

### I strategiperioden skal Vea:

- arbeid systematisk saman med yrkesfelta Vea allereie er i kontakt med for å utvikla og tilby ulik kompetanseheving som dekkjer behova deira
- fortløpande vurderer å søkja samarbeid med nye yrkesfelt
- arbeid målretta for å knyta til seg spisskompetanse, overlappende kompetanse og oppdatert yrkeskompetanse nasjonalt og internasjonalt som kan nyttast i gjennomføring av porteføljen vår
- arbeide for å utvikla relevant samarbeid med UH-sektoren. Hovudfokus blir sett på overgangsordningar og prosjektsamarbeid. Vea skal vera opne og på leiting etter nye samarbeidspartnarar også utanfor det tradisjonelle skulesystemet. Vea skal vurdera ytterlegare deltaking i klyngjer eller andre former for nettverk som kan bidra til å støtta opp under Veas kvalitetsutvikling og vekst.



Foto: Dorte Finstad



Foto: Dorte Finstad

